

**SAKSGANG**

Utvalg	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	20.10.2016	16/130

Scanditravel - søknad om anløp av turistferge**Andre dokumenter i saken:**

Søknad om anløp av turistferje

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune inngår avtale med Scanditravel AS for perioden 01.05.2017-31.08.2017.

Rådmannen får fullmakt til å utarbeide og signere avtale mellom partane.

20.10.2016 - Eidfjord formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FSK - 16/130 - Vedtak:

Eidfjord kommune inngår avtale med Scanditravel AS for perioden 01.05.2017-31.08.2017.

Rådmannen får fullmakt til å utarbeide og signere avtale mellom partane.

Desse har uttalt seg i saka:**Særutskrift skal sendast til:**

Scanditravel AS

Endeleg avgjerd i:

Eidfjord formannskap

Saka gjeld:

Scanditravel AS søker kommunen om løyve til å bruke kaianlegget i samband med etablering av båtrote mellom Eidfjord og Ulvik. Det vil vera anløp dagleg i perioden 01.05.2017 til 31.08.2017. Planen er 5-6 anløp dagleg i Eidfjord.

Ein vil nytte eit fartøy med kapasitet på om lag 150 passasjerar. Ruta vil vera open for alle, men ein ventar at hovudtyngda av passasjerar er kinesiske turistar som deltar på organiserte turar.

Destinasjon Eidfjord skal stå for billettsal for passasjerar som ynskjer å ta denne ruta frå Eidfjord.

Viser elles til vedlagte søknad for detaljar om dette turist tilbodet.

Vurdering:

Kaianlegget i Eidfjord har i periodar stor trafikk. Både dei mange cruise-anløp og Norled sin hurtigbåt har anløp i omsøkt tidsperiode. Det vil i tillegg kunne bli ein auke i trafikken på land, basert på at mykje av passasjerane til denne ruta vil komme med buss.

Maksimalt vil det i følge søknaden bli ein utnyttelsesgrad på 1650 turistar kvar dag.

Kommunalteknisk drift v/Terje Monsen har vurdert søknaden og finn ikkje at det er kapasitetsmessige problem som ikkje lar seg løyse. Konkrete tiltak for å unngå kapasitetsutfordringar skal inkluderast i avtale mellom partane.

Rådmannen meiner at ei slik turistrute er i samsvar med kommunen sine ynskje om å framstå som ein turistdestinasjon og innstiller på at det vert inngått ein avtale for prøvedrift i perioden 01.05.2017-31.08.2017. Etter gjennomført prøveperiode, skal prosjektet evaluerast før ein ny permanent avtale vert inngått.

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen får inntekter på ilandstigningsavgifter pr. passasjer.

Juridiske konsekvensar:

Miljømessige konsekvensar:

Personalmessige konsekvensar:

Konsekvensar for folkehelse:

Aud Opheim Lygre
rådmann

sakshandsamar